



Notodden 18 05 2022

Innspel til ny Kommunedelplan for Lifjell 2023 - 2033 for Midt -Telemark kommune:

Frå:
Hans Hafskolt, Kjærlighetsstien 35, 3681 Notodden;
e-post: hans.hafskolt1@nenett.no ; tlf. 99240094.

Gjeld mi tomt Lifjellvegen 811, Gnr 10, Bnr 121; areal 1901.2 m²,
jfr. vedlagt kopi av målebrev av 07 04 1995 (etter jordskifterett da mellom 10 / 10 og 10 / 14
m.fleire).

I gjeldande kommunedelplan er dette arealet avsett til næringsformål.

Eg /vi (kona mi og våre to barn) ønskjer dette omgjort / «tilbakeført» til areal for fritidsbustad.

Bakgrunn :
Mor mi, Åsta Hafskolt, f. Bø , fekk denne tomta som del av sin foreldrearv (frå 10 /10) ved skøyte
tinglyst 16 07 1958, vedlagt i kopi (samtidig som bror hennar Hans Bø fekk nabotomta, 10 / 120).

Åsta Hafskolt (mor mi) døde 16 10 1977 (vedlagt kopi av uskifteattest).
Far min Tor Hs. Hafskolt i uskifta bu fram til han døde 08 09 92 . Eg deira einaste barn / arving
(vedlagt kopi av skifteattest av 19 11 92).

Ved bygginga av Lifjell Skisenter vart øvre endemast for skitrekke plassert inne på vår tomt (10 /
121), uten varsel eller vårt samtykke. Ved jordskiftet 1994 / -95 mellom 10 / 10 og 10 / 14 m.fleire,
vart tomtegrensene /«fasongen» på vår tomt 10 / 121 endra, slik at endemasta da vart ståande
utanfor tomta.

Vi har fram til siste år vore opptatt i travle jobbar begge og da ikkje hatt «overskot» til å ta
«næringsformål-disponeringa» opp med Bø / Midt -Telemark kommune; men har nå blitt
pensjonistar og ønskjer nå bruke tomta til fritidsbustad, som ein kjær del av arven etter mor mi; og
slik det var tenkt å bli i framtida da tomta vart utskilt som del av hennar arv i 1958.

Vi da STERKT anmode om at Gnr 10 / Bnr 121 - Lifjellvegen 811, i kommande kommunedelplan
for 2023 -2033 omgjerast til areal for fritidsbustad.

Venleg helsing